

Vedtekter for Bjarne Espås minnefond

§ 1

Bjarne Espås Fond til fordel for kulturelle formål i Skaun kommune er oppretta etter testamente hans av 15.01.2012. Fondet har en grunnkapital på kr. 816 000 – åttehundreogsekstentusen kroner (dette utgjør 1/3 av arven etter Bjarne Espås).

§ 2

Formålet med fondet er å stø kulturelle formål i Skaun kommune. Midlane skal disponerast så det kjem føremålet til gode.

§ 3

Fondet skal leiest og forvaltast av eit styre på 3 personar oppnemnd av Skaun kommunestyre. Desse skal veljast for 4 år om gongen, med ei funksjonstid som fyljer kommunestyreperioden.

Styret veljar sjølv leiar.

§ 4

Fondskapitalen skal vera urørleg. 80 % av renteavkastinga av fondet skal nyttast til kulturelle formål. 20 % av renteavkastinga skal leggjast til grunnkapitalen kvart år.

§ 5

Det skal skje utdeling kvart år innan utgangen av året om styre finn verdige kandidatar.

Søknadsfrist er 1. mai.

Søknad skal skildre føremålet for søknaden vedlagt budsjett. Mottakar plikter å gje skriftleg rapport om bruken av pengane med rekneskap seinast 1 år etter utdeling.

Både personar og organisasjonar kan søke. Ved elles likeverdige søknader, vil søknader frå ungdom bli prioritert.

Aktivitetar som låg Bjarne Espås hjarte nær som til dømes ski, orientering, allment friluftsliv, litteratur, kunst og handverk, språk- og målsaka eller liknande vil kunne prioriterast.

§ 6

Det skal førast rekneskap for fondet. Rekneskapen skal reviderast av vald kommunerevisor.

Desse vedtektene er laga av Arne Vaslag og Olav Kuvås i samsvar med testamente hans Bjarne Espås 05.03.2014, og revidert i Skaun kommunestyre 12.12.2019.